
Saksnr: 2020/77154-116
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 15.06.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkeseldrerådet

Uttale frå fylkeseldrerådet - koronaundersøkinga i Vestland 2020

Fylkeseldrerådet handsama i møte 10. juni 2021 «*PS 20/2021 Varsel om politisk sak: Koronaundersøkinga i Vestland 2020. Utvalde resultat frå FHI si nasjonale undersøking*».

Rådet gav følgjande uttale:

Fylkeseldrerådet har registrert at under koronaepidemien så har det vore mange forslag oppe til handsaming, men fylkeseldrerådet har ikkje vore kontakta, og dette meiner vi ikkje er godt nok. Eldreråd er viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Fylkeseldrerådet vil peike på at utfordringane til gruppa eldre kanskje ikkje kjem godt nok fram i FHI si undersøking, og dermed ikkje i saka eller foreslåtte tiltak.